

# Årsmelding 2012

## Styret har bestått av:

- Formann: Ragnhild Kvale
- Sekretær: Inger Råheim
- Kasserer: Laila Lundstein
- Vara Hilde Kvaal
- Geir Henning Skaret
- Erland Fremgaard
- Vara Erling Kvaal.
- Revisor: Magne Hokstad
- Valgkomite. Synnøve Sandvik og Linn Hagen

Styret hadde i 2012 4 styremøter.

## Veger:

- Utbedring av vegen Reinli – Bagn. Møte på Fagernes (i 2011) Ragnhild, Erland og fleire frå Reinli møtte opp til idedugnad. Korleis skal vegen til Reinli få best mulig nytte av overskuddsmassa etter tunellen, E16.
- Multiconsult utarbeider ulike trasser til Reinli. Kommuna har ikkje fått desse enda.
- Vegen Reinli – Bagn (FV 220) må bli med på Bagn – Bjørgo ellers er mest sannsynleg ”løpet” kjørt.

## Gatelys i Reinli:

- Det vart sendt ut ”tiggarbrev” for fleire år sidan. Då kom det inn kr 9600.- som vi har på konto. I trafikkikkerhetstiltaksplanen for Oppland fylke ligg vi på andre plass.
- Svar til kommuna på innspill til trafikkikkerheitsplan, 2014 – 2018, som skal lagast no. Rart gatelysa ikkje var med i utgangspunktet då dei ligg som nr. 2 i trafikkikkerheitsplan fra før.
- Må være obs når det evt. kjem brukermøte på FV 220 Bagn – Reinli og få det med i planarbeidet. Viser til svar fra Anne Fyksen i 2011
- **Kopi av svar på mail: Som jeg skrev i forrige e-post er vi i en svært tidlig planfase. Vi har dermed ikke diskutert om vegen vil bli belyst eller ikke. Hensikten med forprosjektet er å danne beslutningsgrunnlag for om vegen skal utbedres i sammenheng med utbyggingen av E16 mellom Bagn og Bjørgo. Dersom dette blir besluttet, må det lages en reguleringsplan som skal sikre arealer til gjennomføring av prosjektet. I en reguleringsplanprosess vil det bli lagt opp til at berørte grunneiere og brukere vil kunne komme med innspill. Dette vil det bli annonsert i aviser og grunneiere blir varslet i eget brev når slikt planarbeid igangsettes. Når denne prosessen starter, vil det være viktig at dere spiller inn ønsker og behov. Belysning langs vegen vil bli fastlagt gjennom reguleringsplanprosessen. Har dere ønsker om en raskere fremdrift for oppsetting av veglys, ber vi om å bli orientert, slik at de ikke vil komme i konflikt med evt. opprustet veg.**

Håper dette var et greit svar.

Med hilsen  
Ane Fyksen.

### **Skula/bhg.**

- Torhild og Åse har levert referat fra deira arbeid med dei gamle sakene fra skula. Dei har rydda og kasta mykje, det som er att er klart til å stilles ut eller henges opp.
- Vi jobber vidare med å finne eit glasskåp eller liknande. Og få til utstillinga
- Har kr. 10.000.- som vi kan bruke. Fått fra søsknene Hasles minnefond (Skulekjøkkenet og)
- Utleie av samfunnsdel, kommunale regler på heimesida til kommuna.

### **Reinli.no:**

Rune Larheim er redaktør.

Heimesida har hatt over 21 000 besøkande sidan juli 2011

Begynner nå å bli fleire som vil ha plass på sida/link til eigen heimeside.

Reinli.no har inngått samarbeide med Bagn.no og Begnadalen.no og delar stoff/artiklar.

Alle tre bygdesidene har også inngått samarbeid med avisa Valdres om deling av artiklar.

### **Turskilting**

Gjensidigestiftelsen har avsett pengar som skal gå til skilting av stigar i Valdres.

Våren 2012 sendte vi søknad til folkehelsekoordinator med forslag på fleire alternative vegar/stigar.

Vi fekk skilt til ein stig, inn til Jettegrytene. Dette fekk vi svar på i oktober og har derfor ikkje satt dei opp.

Avtale med grunneigere må i orden først og Grendeutvalget må skrive under avtale om å halde skilt og stig vedlike.

### **Arrangementkomite**

Representant frå grendeutvalget: Ragnhild Kvale.

Representant frå soknerådet: Åse Bøhn

Representant frå Reinlingat`n: Solveig Ottosen

Ivrig reinliing:

- Vi har arrangert 17. mai ( kr. 8050.- i overskudd) med god hjelp frå innbyggerne i Reinli. TUSEN TAKK ☺
- I år arrangerte vi ikkje juletreffest. Dette pga ein god del att og fram når folk blir skrevne på arbeidsliste. Tankevekker før 17. mai. Kva vil innbyggerne i Reinli ???
- Arbeidsoppgåver blir tildelt navn utan at dei er spurde på forhånd (konklusjon på ope bygdemøte). Passar det ikkje må ein sjølv sørge for andre til å gjere jobben.

Ragnhild Kvale formann Grendeutvalget